



# Sunnfjord vassområde

## Referat - Prosjektgruppa Sunnfjord vassområde 25.08.2016

**Tid:** torsdag 25. september 2016 kl. 9:30 – 13:00

**Stad:** Førde, Storehagen 1 B (fylkeskommunen) møterom Hafstad

Oppmøtte:

Florø, Gunnar Furelid (For Kaja Standal Moen)

Naustdal, Arne Stig Sortevik

Gaular, Stig Olav Kleiven

Jølster, Solfrid Traa

Førde, Magne Reidar Førde

Askvoll og Fjaler, Johannes Folkestad

Prosjektleder, Staffan Hjøhlman

## Saker

### 17-2016 – Vassprøver. Evaluering vassprøvetaking i juli og vidare planer

Status innkjøp. Ein har ikkje fått på plass innkjøpsavtale. Det vert førebels brukt forlenging av tidlegare avtale med VestfoldLAB til dette er på plass.

Utstyr: Det vert kjøpt inn eingangshansker (lang type) frå Tess. Staffan skal sjekke med Mattilsynet kor vidt det er fare for kontaminering av prøva, ved uttak av prøver utan hansker, og generelt om smittespreiingsfare ved prøvetaking. Solfrid (Jølster har kjøpt inn Virkon S, og nytta dette til desinfisering.

Lokalitetar: Det har vore ein del endringar av lokalitetsnavn etter 1. prøvetaking. Ein bør forsøke å få på plass faste prøvepunkt/ lokalitetsnavn, då endringar skaper uynskt ekstraarbeid for analysefirma.

Evaluering prøvetaking: Det har generelt gått greitt med prøvetakinga i juli, men det vart litt hektisk grunna ventetid på prøveflasker. Analyseresultater har begynt å komme inn, men Staffan har førebels ikkje fått sett på desse. Alle skal sende kopi av utfyllt journalskjema til Staffan etter kvar prøvetaking.

### 18-2016 – Samarbeid om avløp

Fleire kommunar i Norge er i gang med opprydding knytt til spreidde avløp. Døme på samarbeid mellom kommunar er Drammensregionen. I vår region har Flora kommune kome langt i dette oppryddingsarbeidet. Gunnar Furelid, Flora kommune, orienterar litt om korleis dei arbeider:

---

Postadr.:  
Gloppen kommune  
Grandane 9  
6823 Sandane

Telefon:  
90 40 26 61

E post:  
[staffan.hjohlman@sfj.no](mailto:staffan.hjohlman@sfj.no)



# Sunnfjord vassområde

Kommunane får inn rapportar frå Miljøservice (Septik 24). Det vert tatt synfaring i samband med alle rapporterte manglar. Tilsyna er uanmeldte, noko som vert vurdert som viktig for å få eit reelt bilete av situasjonen ved tilsyn. Det vert oftast lagt igjen melding til grunneigar om at det har vore gjennomført tilsyn (eks. melding i postkasse). Det vert utarbeidd ein rapport m/ bilete etter tilsyn.

Ordninga er finansiert som generell avgift for alle som er tilkopla vatn, kommunalt eller privat. Også bedrifter. Sats for private er kr. 280, og noko høgare for bedrifter. Generelt gjeld « der det er vatn inn er det vatn ut». Eigedomar som er tilkopla kommunalt avløp, blir sjekka fram til tilknytningspunktet. Gebyra dekker 2 fulle stillingar + bil.

Vanlege feil kan være unormalt nivå i septiktank, dårleg fungerande infiltrasjonsgrøft, synlege feil/ forureining m.m.

## Eksempel handsaming:

- Det vert først sendt ut oppmoding om utbetring (vanlegvis frist på 6 veker).
- Vist ikkje det vert utbetra, vert det sendt ut pålegg om utbetring, ny frist 6 veker.
- Varsel om tvangsmulkt.
- Deretter vedtak om tvangsmulkt.
  - o Pålegg etter forureiningslova (fylkesmannen er klageinstans).

Flora har malar/ rutiner som kan nyttast. Totalt er det om lag 100 tilsyn per år i Florø.

Innspel (Førde), det er viktig m/ dokumentasjon. Korleis utfører ein tilsyn, tilsyn og oppfylgging av fysiske anlegg, dokumentasjon i form av t.d. vassprøvar. Ein bør samle erfaring knytt til sakshandsaming, oppfylgging, og resultat av arbeidet/ prosessen. Dette kunne være tena på fagdag, eks. workshops.

## Temamøte spreidde avløp

Det vart lyfta forslag om å få til seminar for dei som jobbar med spreidde avløp, for å få til betre samhandling. Fylkeskommunen har diskutert dette, og tek sikte på å få til ei samling over nyttår. Staffan fylgjer dette opp.

Gaular meinar at dette kan kommunane også sjølv ta initiativ til, å få til mindre uformelle samlingar.

Staffan inviterer teknisk sjef eller tilsvarande i kommunane i Sunnfjord vassområde til temamøte om spreidde avløp i haust, tidlegast i oktober.

## **19-2016 – Kvalitetssikring av påverknadsgrad, forbygde og kanaliserte elvar**

Godkjent budsjett for Sunnfjord vassområde: Forbygde elvar kr. 500.000,-. Kommunal veg/ Fiskevandringshindre, kr. 300.000.

Det er aktuelt med innkjøp av biologiske undersøkingar, for å kvalitetssikre påverknadsgrad.



# Sunnfjord vassområde

Eks. Guddalsvassdraget, midtre del, har status *stor påverknadsgrad* knytt til førebyggingar.

Staffan tenker at det er trong for innkjøp av konsulenthjelp og har drøfta dette med Fylkesmannen og fylkeskommunen. Det er tatt kontakt med Rådgjevande Biologar (RB). Kostnad knytt til desse undersøkingane må være under kr. 100.000,-, for å kunne gjere direkte innkjøp. Det er naturleg å nytte RB då dei har mykje data innsamla frå før.

## Trinn1

I første omgang har ein tenkt å starte med vassdraga Jølstra og Anga, der ein kan legge til grunn vurdering av eksisterande data.

## Trinn 2

- Vurdering av biologiske parametre, Fisk/ bunndyr
- Må innhente anbud, minimum 3 tilbydarar > kr. 500.000.

Dette vert ikkje tid til i 2016. Trinn 1 vert prioritert, m/ enklare vurdering/ synfaring. Staffan jobbar m/ dette (Jølstra/ Anga).

## 20-2016 – Synfaring/ bekkevandring

Der er ulikeføremål med synfaringar; Opplæringsøyemed, Trong for dokumentasjon/Vurdering av lokaliteten, Innvolving av lag/ org./ politikarar.

➔ Vi må avklare kva vi skal ha fokus på, når ein planlegg synfaringane.

Kvamselva: Forslag om felles synfaring/ opplæringsdag. Opent for dei i prosjektgruppa som ynskjer å delta, samt andre som jobbar med spreidde avløp og landbruksforureining, Planlagt dag var 7. september, men ny synfaringdag er flytta til 20. september.

Synfaring i Askvoll: 6. september (kunn innad i kommunen). (Er seinare flytta til 5. september)

Naustdal: Dato vert fastsett seinare, kunn innad i kommunen.

## 21-2016 – Forvaltningsplanen – godkjenningsbrev frå Klima- og miljødepartementet

- Godkjenningsbrev frå klima og Miljø dep.
  - o Godkjent m/ nokre endringar. Det blir ikkje laga ny utgåve av forvaltningsplanen. Godkjenningsbrevet er eit tillegg til forvaltningsplanen.
- Endringar gjeld i hovudsak samferdsel og vasskraft
- Endringane knytt til tidsfrist for å nå miljømål, samt krav sett til samferdsel og vasskraft
  - o Utfyllande info finn ein på vannportalen: Vannportalen-> Region->S&F-> Forvaltnpl.



# Sunnfjord vassområde

## 22-2016 – Møteplan hausten 2016.

Ein prøver å få til møte i prosjektgruppa kvar fjerde torsdag framover. Staffan sender ut innkalling.

Staffan sender ut invitasjon til temamøtedag for spreidde avløp (føreslått lokalitet er Florø).

09.09.2016

Johannes Folkestad / Staffan Hjøhlman

Ref.